

Skogtun fekk avløysing i koret

25.01.2013



Lars Henrik Skogtun har takka av (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Lars Henrik Skogtun har etter lang og tru teneste takka av som
leiar i Røysterett for alle og dei som no sit i styret er Steinar
Naterstad, Eva Haugland, Oddveig B. Rørvik, Kirsten Rød og
Haldor Tveit.**

**Det populære koret har hatt eit nytt, krevjande år
med den mektige korsyklusen
til dirigent Maria Malmsten som høgdepunkt. Det var eit stort verk der
Svein Rimestad hadde sett tekst til 5 av songane. I årsmeldinga heiter
det at koret kom ganske bra ifrå det.**

Ikkje berre har 2012 vore eit godt år for koret songleg, det har også gjort ein god innsats økonomisk med ei inntektsside på 194 574 kroner og 2 581 i driftsresultat.

Blant inntektspostane er det grunn til å trekkja fram ved-dugnad som førebels har gjeve 6 630 kroner, Roselotteri som gav 15 880, minisongarstemnet med 9 370, sal av CD-en som dei spela inn med 14 850 (utgift 10 000), grasrotandel 10 474 og 70 844 i inntekt på arrangement. Syklusen gav eit underskot på 2 605, men det blir dekt av kommunen sin underskotsgaranti.

Røysterett for alle hadde i fjor 33 medlemmar.

I økonominemda sit Jostein
Grov, Kåre Vetrhus, Målfrid Sætre, Ester Mørstad og Kjell Magne

Haugland.

Repertoarnemda har Jan Ove Olsen, Oscar Langballe, Oddbjørg Bjørke
og Sylvi Hjelmeland som medlemmar.

Av Ola Matti Mathisen